

Verneverdig sjøbud på Ulla øydelagd av orkanen


For eit år sidan fortalde Sunnmørsposten om Remme-Elias-buda i Ullahamaren på Haramsøy som Riksantikvaren hadde løyvt midlar til vøling av.

Men vølingsarbeidet stogga opp av mange grunnar. Spørsmålet galdt både hyttebygging i området, eigedomsinteresser og visse reguleringsforhold i Hamaren. Deler av taket på buda for ille under ein storm i fjor haust og deler av fundamentet vart også skipla. I sommar vart ingen ting gjort i påvente ei avklaring frå styresmaktene si side.

Med orkanen den 5. desember venta ikkje med å høyre kva huseigar og reguleringsfolk meinte. Jamvel om deler av denne 200 år gamle sjøbuda, som var nokså eineståande i sitt slag, var bygd av meir enn seks toms tjukt tømmer med solid bindingsverk utanom tømmerseksjonen, etterlet ikkje uveret tvil om styrken.

Som det går fram av biletet, vart denne to etasjes høge bygninga, som hadde ei breidde på elleve meter, nærast kasta av grunnen og pulverisert. Ein god del av materialane fauk rett og slett på sjøen og dreiv vel av. Ei lita bud av mykje yngre dato som står like ved Remme-Elias-buda fekk merkjeleg nok ikkje nemnande skade då den gamle brotna fullstendig saman.


Om Riksantikvaren etter dette finn grunnlag for å restaurere Remme-Elias-buda på staden av det som enno finst att, er eit stort spørsmål. Men Sunnmøre museum ser ut til å ha fatta interesse, og preparanten vil ta turen utover til Ha-



★ Etter orkanen sine herjingar såg sjøbua slik ut.

ramsøy med det fyrste. Museet har nemleg inga sjøbud i sine samlingar.

At svært mykje er øydelagt og anna er vekk, seier seg sjølv. Det store vindhjølet vart observert flytande i fjorden. Men Haram kultur-historiske lag var så framsynt at laget hadde arkitekt på staden i vår. Og han har detaljteikna og målt opp heile bygninga. Om rette vedkomande vil gjere alvor av ei restaurering eller flytting, kan dette arbeidet no kome særst vel med. Men ingen av løysingane vert billege.



★ Remme-Elias-buda som den sto før orkanen.